

Slik sikrar du deg mot brann

1. Røykvarslarar

Røykvarslaren er ei billig livsforsikring. Det er heilt avgjerande med tidleg varsling.

2. Elektrisk utstyr

Teknisk og feil bruk av elektrisk utstyr er ei av dei mest vanlege brannårsakene. Er du trygg på det elektriske utstyret? Kor mykje belastning toler det elektriske anlegget? Bruk alltid godkjent elektriskar-montør som sjekkar og eventuelt fiksar det elektriske anlegget.

3. Avstand til andre

Formålet med å ha avstand til andre er å sikre at ein har nok tid til at ein rekk å rømme, skulle ein brann oppstå.

4. Brannutstyr

Syt for at apparatet er lett tilgjengeleg og jamleg heldt ved like, slik at det alltid er klart til bruk viss uhellet er ute. Eit brannteppe er eit fint tillegg som tar liten plass og effektivt kveler mindre flamar.

5. Lag ein plan

Kva gjer du viss det begynner å brenne? Kor er sløkkemidlane? Fungerer dei? Korleis kjem du deg ut dersom det skulle begynne å brenne midt på natta?

Uroa for andre si brannsikkerheit ?

Meld ifrå på [branntips.no](https://www.branntips.no)

Spørsmål om brannsikkerheit? Ta kontakt med Hareid og Ulstein brannvesen

E-post: postmottak@ulstein.kommune.no

Telefon: 70 01 75 00



Brannsikkerheit på sjø og land



Camping/bubil

På campingplassar/ overnattingsstader kan det i ferietider vere trengt og ukjente omgivnader. Gjer deg kjent med plassen. Hugs at det skal vere minst tre meters avstand mellom campingvogner, bubilar og telt.

Ein avstand på tre meter er ikkje nok til å hindre ein brann i å spreie seg vidare. Formålet med avstanden er å avgrense spreinga av brannen, slik at personar nær brannen rekk å rømme. Viss der er sterk vind eller tett vegetasjon vil faren for spreieing auke, ein bør då auke avstanden til naboen.

Det er viktig å ha røykvarslar som fungerer, og bruker du propananlegg for matlaging og oppvarming er også ein gassvarslar sterkt tilrådd. MEN, sjekk først at gassleidningane er heile og koplingane tette. Ei campingvogn eller bubil har krav om eit mindre sløkkeapparat (to kg pulver), noko som er gjort ut frå plassbehov, men då er det lurt å ha ein kassett med brannteppe på lur.



Fritidsbåt

Kvart år er det mellom 250 og 300 brannar i fritidsbåtar. Årsaka til båtbrannar er ofte lekkasje i drivstoffanlegg eller feil ved båtens elektriske anlegg. Her gjeld eigentleg mykje av det same som for camping/bubil. Men i båthamna kan det være enda tettare, spreieingsfaren er større og moglegheita for å rømme er færre. Ta ein prat under «ankerdrammen» om korleis de skal handtere ein brann, og kor de skal møtast på ein trygg stad viss kaoset råder.

Dette gjer du ved ein gasslekkasje

Propangass er tilsett lukt slik at du raskt skal kunne oppdage lekkasje.

Ved teikn på lekkasje:

- Steng for gassen
- Luft grundig ved å opne vindauge og dørar
- Stopp bruken av open eld og elektriske apparat.

Ved alvorleg lekkasje og brann:

- Forsøk å stenge ventilane
- Syt for at alle personar kjem seg i sikker avstand frå brannstaden
- Ring brannvesenetets naudnummer 110. Forsøk ikkje å sløkke brannen sjølv

Ved brann handlar det om minutt og sekund. Tidleg varsling aukar sjansen for at du og familien din kjem ut i tide.

Det viktigaste å hugse viss det bryt ut brann er at du må: "**redde, varsle, sløkke**".

1. REDDE

Syt for å varsle alle som oppheld seg i nærleiken. Hjelp kvarandre. Sjekk at alle har kome seg ut.

2. VARSLE

- Ring naudnummeret **110**
- Gi så nøyaktig adresse som mogleg
- Legg ikkje på før du har fått beskjed om at du kan gjere det. Brannvesenet er allereie på veg mens du snakkar.

3. SLØKKE

Dersom brannen ikkje er for stor, forsøk å sløkke. Utsett ikkje deg sjølv eller andre for stor fare. Hugs at røyken er svært giftig.

Ta imot og orienter brannvesenet om situasjonen når dei kjem fram. Gi straks beskjed dersom nokon er sakna eller ikkje klarer å kome seg ut.

